

VALLE KOMMUNE  
Postboks 4  
4747 VALLE

Deres ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 06/04993-67	23.04.2021
	Ark.: 326.10	

## Vedtak i namnesak 2020/476 – Hoftuft og Skarpækre i Valle kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av fylgjande stadnamn i Valle kommune:

- **Hoftuft** (navnegard – fellesnamn for gard 34 og 35)
- **Nørdre Hoftuft** (gard 34)
- **Nørdre Hoftuft** (bruk 34/2)
- **Søndre Hoftuft** (gard 35)
- **Søndre Hoftuft** (bruk 35/1)
- **Søndre Hoftuft** (bruk 35/2)
- **Hoftuftodden** (nes)
  
- **Skarpækre** (bruk 45/2)

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn. For bruk 34/1 er det gjort vedtak om eigarfastsett skrivemåte, *Hoftuft nordre*.

### Bakgrunn

Namnesaka vart teken opp av Språkrådet i samband med tildeling av adressetilleggsnamn i Valle kommune for gards- og bruksnamnet *Hoftuft/Håptu* og bruksnamnet *Skarpækre/Skarpekre*, jf. brev datert 09.02.2015. Avleidde namn blir og med i saka. Namnesaka vart reist for å fastsetja rett skrivemåte for offentleg bruk.

### Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsetja skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lova. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd.

I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal òg spela inn. Det skal leggjast særleg vekt på ynsket til eigaren når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ynskjer, ligg innanfor regelverket.

■ [www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)

Skrivemåten av slektsnamn skal ikkje påverka skrivemåten av stadnamn. Vedtak som gjeld skrivemåten av stadnamn, får heller ikkje fylgjer for skrivemåten av slektsnamn.

### **Høyringsvar og tilråding**

Kartverket sendte saka til høyring og kunngjering i Valle kommune i brev datert 04.11.2020, i tråd med § 8 i lova. I brev datert 26.02.2021 har kommunen sendt dei lokale høyringssvara til Språkrådet. Kommunen skriv samstundes at saka har vore kunngjort i lokalavisa Setesdølen, på heimesida og Facebook. Språkrådet har gjeve si tilråding i brev datert 19.03.2021.

### **Hoptuft/Hoftuft/Håptu (fellesnavn for gard 34 og 35)**

#### **Uttale og skriftradisjon**

I *Norske Gaardnavne* er oppslagsforma *Hoftuft nordre* og *Hoftuft søndre*, og uttalen /hå: `ptú [hå: ´ptu]/ registrert. Namnet er forklart slik: «Hafratúpt. 1ste Led er Gen. Flt. af hafr m., Buk. 2det Led er oldn. tupt f., Tomt.» Bustadnamnarkivet (1957) har registrert *Hoftuft nordre* og uttalen /hå: `ptu/ for gnr. 34.

Eldre skrivemåtar av namnet er *Hafratuuft*, *Hafrabuuft* (1424), *Hafftofft* (1595), *Haftofft* (1601), *Haffthofft* (1610, 1611), *Haffuetufft* (1626), *Haftofft* (1668) og *Hoftoft nordre* og *søndre* (1723), slik det kjem fram av *Norske Gaardnavne*.

I 1838-, 1886- og 1906-matrikkelen er gards- og bruksnamna skrivne *Hoftuft søndre* og *Hoftuft nordre*, og i dei to sistnemnde matriklane er merknaden «Udtales Haaptu» registrert.

Matrikelutkastet frå 1950 nyttar *Hoftuft nordre* og *Hoftuft søndre*. I dagens matrikkel er gard 34 og bruk 1 og 2 skrivne *Hoftuft nordre* / *Hoftuft nordre* og gard 35 og bruk 1 og 2 er skrive *Hoftuft søndre*.

Økonomisk kartverk frå 1975 nyttar skrivemåtene *Nordre Hoftuft* og *Søndre Hoftuft* med (*Håptu*) for begge gardsnamna i parentes, og *Håptuvodden* (1966) for naturnamnet. I kartserien Norge 1:50 000 er namnet *Hoptuft* og *Hoptuftodden* nytta i utgåva frå 1970, medan *Hoftuft* og *Hoftuftodden* er nytta i perioden 1991–2006.

I bygdeboka *Gards- og ættesoge Valle* (1987) står det under gnr. 34 og 35 på side 163 at «Det er her tale om to matrikkelgardar, gnr. 34, Nordre Hoftuft og gnr. 35, Syndre Hoftuft.» Skrivemåten Hoftuft er også brukt fleire stader i boka.

### **Høyringsvar og tilråding**

Rune André Andersen (eigar av bruk 35/2) skriv i e-brev datert 04.02.2021 at skrivemåten for eigedomen er *Søndre Hoftuft*, men at det tidligare har vorte skrive som *Håptu*. Han skriv at «Utale måten av plassen er Søndre Håptu.» Vidare skriver han at han ynskjer at skrivemåten skal vere *Søndre Hoftuft*.

Eigar av bruk 33/2, Torbjørg Hoftuft skriv i brev datert 11.02.2021 at skrivemåten skal vere *Hoftuft* og viser til at hennar forfedre alltid har sagt at skrivemåten er *Hoftuft*. Ho skriv også at «Me har ein dialekt der det vart sagt Håptu, men det er urelevant i skrivemåten.»

Kirsti Tiedje med familie (eigar av bruk 34/1) skriv i sitt e-brev datert 15.02.2021 at «Me har tala om Håpto-namnet rundt i grannelaget og her heime på garden, og kome fram til at sjølv om den lokale talemåten slipar av dei litt kantete konsonantane, vil me likevel gjerne fortsette å skrive Hoftuft. Dette fordi det skal vere samsvar med dei som har dette som familienamn, og også fordi tydinga av stadnamnet kjem betre fram. For vår del vil me gjerne at gardsnamnet Hoftuft kjem tydeleg fram, at det alfabetisk står på H. Difor kjem nordre etter, altså Hoftuft nordre.»

Tarald Hoftuft (eigar av bruk 35/1) skriv i e-brev datert 20.02.2021 at *Hoftuft* er nytta som namn og gardsnamn i fleire generasjonar.

Språkrådet skriv i si tilråding at «Skrivemåten *Håptu* er i samsvar med den nedervde lokale uttalen som framleis er i levande bruk (jf. høyringsfråsegnene). Samstundes skygger denne talemålsnære skrivemåten meir for meiningsinnhaldet i namnet enn alternativet *Hoftuft*. Det er heller ikkje sterke lokale ønske om skrivemåten *Håptu*, sjølv om éin eigar ønsker å la han stå i parentes. Skrivemåten *Hoftuft* viser tydelegare namnets opphav, og skrivemåten *-tuft* for etterleddet er i samsvar med rettskrivinga. Det er tradisjon for denne skrivemåten i matriklane, og dei andre eldre skrivemåtane har òg ei form med f i båe namneledd. Skrivemåten *Hoftuft* er dessutan ønskt frå dei som har uttalt seg i saka. Skrivemåten *Hoptuft* blir ei slags hybridform av ein uttalenær og ein normert skrivemåte. Det er ikkje tradisjon for denne skrivemåten, og den er heller ikkje ønskt lokalt. Vi vil difor ikkje tilrå den.» Språkrådet tilrår skrivemåten *Hoftuft* i samsvar med namnets opphav og lokale ynskjer.

### **Kartverket si vurdering**

Lov om stadnamn har som formål å ta vare på stadnamn som språklege kulturminner, jf. § 1 fyrste ledd. Kulturminnefunksjonen ivaretas best ved at den nedarva lokale uttalen vart lagt til grunn for skrivemåten samstundes som gjeldande rettskriving fylgjast, jf. § 4 første ledd i lova.

Slik som Språkrådet er inne på i si tilråding kan det argumenterast for fleire moglege skrivemåtar av namnet, både *Hoptuft*, *Håptu* og *Hoftuft*. Den nedarva uttalen må difor vurderast opp mot den skriftlege forma av namnet.

Fyrstnemnde skrivemåte *Hoptuft* er nytta i utgåva av Norge 1:50 000 frå 1970. Kartverket er likevel samde med Språkrådet i deira vurdering av namnet. Det verkar ikkje å vera tradisjon for denne skrivemåten, og den er heller ikkje ynskja lokalt, og på bakgrunn av dette finn me difor ikkje grunnlag for å vurdere den nærmare. Når det gjeld *Håptu* er dette fyrst og fremst ei uttaleform som det kjem fram av høyringsfråsegnene og merknadene i både 1886- og 1906-matrikkelen. Skrivemåten *Håptu* er nytta i parentes i økonomisk kartverk frå 1975 og i førelekken av naturnamnet i utgåva frå 1966. Men skrivemåten skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet som er forklart i *Norske Gaardnavne*, jf. ovanfor. Sjølv om skrivemåten *Håptu* er i tråd med nedarva lokal uttale, kan likevel ikkje Kartverket sjå at den er godt innarbeidd i skrift, og det er heller ikkje kome sterke lokale ynskjer om skrivemåten.

Av alle som har uttalt seg i saken er det skrivemåten *Hoftuft* som er ynskja lokalt. Skrivemåten er godt innarbeidd og er nytta gjennomgåande i dei ulike matriklane, økonomisk kartverk, i Norge 1:50 000 i perioden 1991–2006 og i bygdeboka. I tillegg vil skrivemåten bidra til å gjøre namnets opphav tydlegare, og som Språkrådet er inne på i si tilråding er skrivemåten *-tuft* dessutan i samsvar med rettskrivinga.

Skrivemåten *Hoftuft* vert fastsett i samsvar med lokale ynskjer, skrifttradisjonen, namnets opphav og Språkrådet si tilråding.

I tillegg må bruken av variasjonstillegg vurderast for gardsnamna på gard 34 og 35. I dei skriftlege kjeldene (matriklar og kart) er både *nordre* og *søndre* nytta gjennomgåande.

Språkrådet tilrår forma *Nørdre* og skriv i si tilråding at «Når det gjeld utmerkingsleddet *Nordre/Nørdre (Hoftuft)*, er båe formene (*nordre* og *nørdre*) i samsvar med offisiell rettskriving i nynorsk. Tradisjonell uttale er etter alt å dømme *nøre/nøri*, tilsvarande forma *nørdre*, jf. dømet "i nöre Homm" i Setelarkivet (setel-id: 1384800), jf. også lydopptak på *Vallemål.no*. Éin av grunneigarane oppgir *nordre* som ønskt form på utmerkingsleddet, då i etterstilt posisjon. Opplysningane frå matrikkelen, matrikkelutkastet og bustadnamnarkivet tyder på at den forma

har vore mest nytta i administrativ samanheng, men det er elles lite grunnlag for å seie at ho kan reknast som innarbeidd.»

Ved søk i Sentralt stadnamnregister (SSR) kan me sjå at det er flest førekomstar av *nørdre* i Valle kommune. I dei utfyllande reglane og i Språkrådet si tilråding står det at «Hovudregelen er altså at ein skal velje den rettskrivingsforma eller den regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen [...] Viktige prinsipp i denne samanhengen er *konsekvens* og *einskap*. Det vil seie at same ordet eller same målmerket som hovudregel blir skrive likt innanfor same dialektområdet/kommunen.»

Skrivemåtane *Nørdre* og *Søndre* vert fastsett som variasjonstillegg i samsvar med den nedarva uttalen, normeringspraksis og Språkrådet si tilråding.

### **Rike/Skarpækre/Skarpekre (bruk 45/2)**

#### **Uttale og skrifttradisjon**

Namnet er ikkje registert i *Norske Gaardnavne* eller heradsregisteret. I bustadnamnarkivet (1957) er oppslagsforma *Skarpekre* og uttalen /skarp`æ:kre/ registert, med merknaden «Dagleg namn på bnr.2. I matr. = Rike. Sandjord. Bust.».

I både 1886- og 1906-matrikkelen, matrikkelutkastet frå 1950 og dagens matrikkel er bruksnamnet skrive *Rike*.

I bygdeboka *Gards- og ættesoge Valle* (1987) står namnet *Skarpækre* under bruk 2 på side 173. Vidare står det at «Ei ækre er ein attlagd åker, og fyrstelekken i namnet tydar på at det har vore skarp, skinnem jord.»

#### **Høyringsvar og tilråding**

Det er ikkje kome inn nokre høyringsfråsegn i saka, og kommunen har heller ikkje uttala seg om namnet.

Språkrådet skriver i si tilråding at «Då saka om adresseskilleggsnamn var oppe, var det *Skarpækre* som var ønskt frå eigaren. Alternativ skrivemåte er her *Skarpekre*, fordi noverande rettskriving berre har denne forma av etterleddet, medan ækre var gjeldande form i eldre nynorsk [...] Sidan det er god grunn til å tru at forma *ækre* samsvarer best med nedervd uttale, vil vi primært tilrå skrivemåten **Skarpækre**. Eit tilleggsmoment for tilrådinga er følgjande: Det er truleg at appellativet *ekre* er mindre og lite kjend i dei yngre generasjonane, og at det kan kome til å forsvinne frå dagleg bruk. Skjer det, står ein i fare for at bokstaven <e> i skrivemåten *Skarpekre* vil bli oppfatta som bindevokal, noko som vil gi ein annan, misvisande uttale av namnet (*Skarpe-kre* i staden for *Skarp-ekre*). Denne moglege problematikken unngår ein med skrivemåten *Skarpækre*. Vi meiner likevel at forma *Skarpekre* òg er innanfor reglane sidan denne skrivemåten er i samsvar med gjeldande rettskriving.»

#### **Kartverket si vurdering**

Skrivemåten av førelekket i namnet synst uproblematisk, men det må vurderast om etterlekket i namnet skal skrivast *-ekre* eller *-ækre*. Me finn ikkje offentleg bruk av skrivemåten med etterlekket *-ekre* i nokre av dei kjeldane me har undersøkt. Kartverket er difor samde med Språkrådet i deira vurdering i at ein skrivemåte med *-ekre* i etterlekket vil kunne føre til endra uttale.

Ein skrivemåte med *-ækre* i etterlekket er i samsvar med uttala som er oppgjeve i bustadnamnarkivet, samstundes som den er i samsvar med tydinga og skrivemåten av namnet i bygdeboka. Kartverket vil også vektleggja at det var denne skrivemåten som var ynskt av eigaren da saka om adresseskilleggsnamnet var oppe til vurdering.

Skrivemåten *Skarpækre* vert fastsett i samsvar med uttala og Språkrådet si tilråding.

### **Kunngjering**

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn.

Når vedtaket gjeld skrivemåten av bruksnamn, skal kommunen senda melding om vedtaket direkte til eigarane av bruket.

### **Bruksnamn**

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. Men etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren rett til å fastsetja ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk enn den som fylgjer av § 4 fyrste ledd i lova. Føresetnaden er at han/ho kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). I så fall må eigaren senda krav om det til Kartverket og leggja ved slik dokumentasjon. Kartverket er formelt vedtaksorgan også for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

### **Bruken av vedtekne skrivemåtar**

Me vil minna om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11, særskilt fyrste setning, som har denne ordlyden: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet vert nytta.

Når det er gjort vedtak om adressenamn, adressetilleggsnamn og krinsnamn (grunn-, val-, skulekrins og kyrkjesokn), skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR verta oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Kartverket fører den vedtekne skrivemåten av bruksnamn i SSR, og skrivemåten vert henta inn i matrikkelen derifrå.

### **Klage**

Vedtak om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjord.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Med venleg helsing

Lars Fredrik Gyland  
fylkeskartsjef

Linn Winnæss-Karlsen  
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)  
[Forskrift om stadnamn](#)  
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Vedlegg: Tilrådinga frå Språkrådet

Kopi Lars Fredrik Gyland, LD - FKK Kristiansand (LK2KRI)  
Maria Ellingsen, LD - FKK Kristiansand (LK2KRI)  
SPRÅKRÅDET